



VEDTEKTER FOR CITTASLOWRÅDET I ULVIK HERAD

1 Føremål.

Rådet sitt føremål er:

1. å arbeida saman med organisasjonar, lag, næringsliv, skule og barnehage i heradet
2. å bringa idear og tankar herfrå til den einskilde innbyggjar
3. å arbeida ut ifrå kriteria til ein Cittaslowkommune

Det gjeld i høve til prinsipp for :

- energi- og miljøarbeid
- kvaliteten på tettstadmiljøet
- infrastrukturen
- jordbruk, turisme og kunsthandverk
- gjestfridom, forståing og opplæring i det å vera vertskap
- auka forståing mellom aktørar og næringane
- sosialt samhald og partnerskap.

Dessutan skal rådet sikra at heradet lever opp til dei kriteria, som vart lagt til grunn for sertifiseringa som Cittaslowkommune.

Viktige oppgåver for rådet vil vera:

- Å fremja Ulvik som ein stad kor det er godt å leva
- Å vera inspirator og skapa merksemd
- Å skapa dialog kring Cittaslow
- Å innstilla verksemder, lag og organisasjonar til sertifisering

2 Medlemer

Ulvik herad skal vera representert med 2 medlemer i rådet. I tillegg vert det lagt vekt på at rådet skal ha representantar frå næringslivet, reiselivet, kulturlivet, ungdom, frivillige lag og organisasjonar, undervisning/skule, landbruk, festivalarrangørar, andre institusjonar og nettverk med relevans for arbeidet med Cittaslow.

Rådet har 11 medlemer med vara medlemer som vert peika ut såleis:

1 Slow Food Hardanger

2 politisk valde Ulvik heradstyre

1 Ungdomsrepresentant

1 Næringsliv

1 Landbruk



2 Undervisning

1 Kultur

2 Frivillige lag og organisasjonar

Valperioden er 2 år.

Rådet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar. Vervet som medlem av rådet er ikkje løna. Rådet utarbeidar årshjul og dagsorden for arbeidet.

Rådet er berre vedtaksfør når minst 7 av medlemene er tilstades, anten leiar eller nestleiar, må vera tilstades. Det vert ført møterefertat frå rådet sine møte. Ved likt stemmetal tel leiar si stemme dobbelt.

3 Rådet sitt arbeid

Rådet er å sjå på som høyringsinstans i saker som vedkjem Ulvik si vidare utvikling.

Rådet kan setja ned arbeidsgrupper til å løysa fortløpande oppgåver.

Rådet er delegert mynde til å delta på nettverksmøte mellom andre Cittaslow byar og land.

Rådet skal ha eit budsjett til disposisjon for sitt arbeid.

Rådet utarbeidar årsmelding og årsrekneskap som skal sendast over til Ulvik herad innan 1. mars. Rådet har eit møte med Ulvik formannskap ein gong i året kor det vert orientert om økonomi, aktivitetar, framtidsplanar m.m.

4 Leiing og organisering

Bygde -og næringsutviklar er sekretær for rådet.

5 Bruk av logo og sertifisering

Namnet Cittaslow og Cittaslowlogoen er eit juridisk verna varemerke. Cittaslow internasjonal har fullmakt til å la rådet bruka varemerke Cittaslow i høve til gjeldande reglar for bruk av logoen. Rådet skal til ei kvar tid fylgja Cittaslow sine reglar om bruk av namnet og logoen.

Bruk av Cittaslow namnet og logoen for personlege eller kommersielle grunnar er forbode.

Rådet kan til ei kvar tid ta frå aktørane sin rett til å bruka Cittaslow namnet og logo.

6 Endring av vedtekter

Endring av vedtekter krev 2/3 fleirtal. Endring av vedtekter skal godkjennast av Ulvik herad.